



Plett A/S
Fagernes 4
5043 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2410 - 14/6892

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
24.03.2014

Gbnr134/471 Deling av areal til bustadbygging Hilland Vest. Førebels svar.

Syner til søknad om deling av areal til bustad Hilland Vest. Det gjeld tre forskjellige søknadar – for husrekke 17-21, 26-29 og 30-34. Det vert søkt om å få dele frå parsellane med alle dei synte bustadeiningane innanfor grensene til parsellane som vert søkt delt frå.

Reguleringsplanen som ligg til grunn for tiltake,t syner inndeling i tomter for kvar bustadeining.

Det har vore ei drøfting av desse søknadane internt i eining for Areal og miljø, der og tilsette som arbeider med byggesak har vore deltakarar.

Det er på bakgrunn av drøftingar og dokumentasjon, trekt følgjande konklusjon:

Deling i høve til godkjend plan vil vere ei deling i samsvar med dei viste tomtegrensene på kartet. Reguleringskartet har ei juridisk bindande strek som heiter «regulert tomtegrense».

Dette tyder at den søknaden som ligg føre, der det berre vert søkt om deling av heile parsellar innehaldande fleire bustadtomter, ikkje er i samsvar med gjeldande plan. På denne bakgrunn vert søknadane send attende til tiltakshavar. Dette er grunngjeve som fylgjer:

- Kommunen kan ikkje dele frå heile delfelt slik det er søkt om, då det vil vere i strid med plankartet.
- Tiltakshavar kan sende inn ny søknad der det vert søkt om deling av einskilttomter i samsvar med regulerte tomtegrenser.
- Tiltakshavar kan søkje om dispensasjon frå gjeldande plan, og såleis få prøvd om dei søknadane som no ligg føre kan verte godkjende.

Kommunen ventar no på nye søknadar eller på søknad om dispensasjon.

Søknadane slik dei ligg føre vert ikkje realitetshandsama, men vert sett som svart på ved dette brevet.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Med helsing

Arne Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Mottakarar:

Plett A/S

Fagernes 4

5043

BERGEN